



KLART FOR OPERAFESTVEKER

2. februar går startskotet for operafestveke i Kristiansund. I år er det *Perlefiskerne* av Bizet og *La Bohème* av Puccini som er hovudframføringane. Gjennom 17 dagar vert det konsertar med Trondheimsolistene og gutesopranen Aksel Rykkvin (biletet) som er nominert til Spellemannspris, Odd Nordstoga, Tenorane og Steffen Horn. Torvald Maurstad kjem med framføringane *Tordis + Alfred = Torvald*.



Mark Eitzel er ein av desse trubadurane som syng så godt om ei forfrosen sjel at ispuisten står ut av munnen hans. Pressefoto

spelt inn i London med Bernard Butler (Suede) som medmusiker (gitar, bass, tangentar) og produsent, noko som har sett eit fint poppreg på materialet. I eit intervju fortel Eitzel at han hadde tenkt seg ein nedstrippa, stort sett akustisk produksjon for å spare pengar, men at Butler overtalte han til å utsmykke songane sine meir enn han opphavleg hadde tenkt. Det trur eg var lurt. Det vart likevel nake nok.

MELANKOLI

Melankolien, ein fast følgjesvein for denne artisten, dan-

nar som forventa den gjennomgåande tonen. Eitzel har eit godt grep om den veldreidde balladen. Teften for tindrane, sofistikert og velarrangert popundring kan sende tankane til Paddy McAloon og Prefab Sprout, og den bittersøte resignasjonen til ei meir forsonande utgåve av Mark Kozelek. Dei eksistensielle spørsmåla har han aldri vore redd for. Eitzel syng om livet slik det er: vakert og nådeløst.

ØYVIND VÅGNES

Øyvind Vågnes er forfattar og fast musikkskribent i Dag og Tid.

Arkivet: Sleater-Kinney i Paris

Den 20. mars 2015 gjekk Sleater-Kinney på scenen på La Cigale, ein historisk klubb som ligg på eit travelt gatehjørne i Montmartre i Paris, og som har halde det gåande i ein mannsalder og vel så det. Det vart litt av ein kveld, noko som er grundig og utvitydig dokumentert med konsertplata *Live in Paris* (Sub Pop/Playground), som kjem ut

i dag. Carrie Brownstein, Corin Tucker, Janet Weiss, og turnémedlem Katie Harkin var ute og lufta då ferske *No Cities to Love*, som kom ut den vinteren og er representert med fire spor på konsertalbumet.

Live in Paris fungerer faktisk likevel som ein brei introduksjon til bandets diskografi, sidan bandet er innom fem plater til i løpet av totalt trettien pønkete, sabla energiske spor: *The Woods* (2005), *Dig Me Out* (1997), *One Beat* (2002), *Call the Doctor* (1996) og sist, men ikkje minst, *The Hot Rock* (1999), representert med herlege «Start Together.»

Steike for eit band.

ØYVIND VÅGNES




KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND sjurhagring@gmail.com

Alltid overraskande

Ketil Hvoslef maktar å få vesensulike instrument til å klinga delikat saman.

CD



KETIL HVOSLEF: **Chamber Works No III**

YMSE MUSIKARAR. LAWØ 2016

Ketil Hvoslefs verk er av gjennomgåande høg kvalitet – eg har til dags dato ikkje høyrte eit einaste dårleg stykke av han. Den pågåande serien, der alle dei 38 kammerverka hans blir tekne opp på til saman ni album, er difor det mest interessante norske samtidsmusikkprosjektet på CD for tida. No er volum 3 lansert, eit album som stadfestar oppfatninga mi av Hvoslef som ein kunstnar som aldri gjentek seg sjølv, men alltid overraskar med nye musikalske tenkjemåtar, utkroppne instrumenteringar og formalt varierte konsepsjonar.

Ti musikarar, dei fleste tilknytte Griegakademiet i Bergen eller Bergen Filharmoniske Orkester, tolkar dei fem stykka på albumet. (For skams skuld skal det seiast at eg kjenner ein av dei ti musikarane på plata, noko som ikkje er til å unngå, sidan eg sjølv er frå Bergen.) *Kvartoini* (1974) er som kvintessen i Hvoslefs kompositoriske stil: Instrumenteringa er



Den bergenske komponisten Ketil Hvoslef (fødd 1939). Foto: Lawø

særmerkt, med sopran, blokkfløyte, gitar og klaver, men ved å føreskriva utradisjonelle speltilar får Hvoslef likevel songrøysta og instrumenta til å nærma seg kvarandre klangleg. Og trass i at han berre tillèt seg å nytta eit sparsamt melodisk og rytmisk materiale som basis for den ti minuttar lange komposisjonen, kling kvar ny vending friskt og overraskande.

Mindre særmerkt er ikkje instrumenteringa i *Kirkeduo*, som blei urframført under Festspillene i 1990 då Hvoslef var festspelkomponist. Her må

ein akustisk gitar hevda seg mot eit stort kyrkjeorgel, noko som merkeleg nok fungerer bra, for komponisten har føreskrive linne og gjennomskinnlege orgelregister som gjer at dei sprø gitartone skin lydleg gjennom, utan at orgelet må halda for mykje att eller at gitaristen må hamra så hardt på instrumentet sitt at gitar-klangen blir matt.

SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musiker og fast musikkmeldar i Dag og Tid.

Fromskap og dødslengt

Bachs dialogkantatar syner pietistisk tankegods.

CD



JOHANN SEBASTIAN BACH: **Dialogkantaten**

HANA BLAŽIKOVÁ, SOPRAN; DOMINIK WÖRNER, BASS; KIRCHHEIMER BACHCONSORT; OBO OG LEIING: ALFREDO BERNARDINI. CPO 2016.

Kyrkjekantatar kan konsiperast på ymse vis. Dei tre Bach-verka (kantate nr. 32, 57 og 58) som her er spela inn under leiing av den romerske barokkoboisten Alfredo Bernardini, er sokalla «dialogkantatar»: ein åndeleg samtale mellom den undrande sjela, sunge av den ypparlege tsjekkiske sopranen Hana Blažiková, og *Vox Christi*, Guds røyst, som hjå Bach alltid er ei bassrøyst, i dette høvet tyske

Dominik Wörner. Det er ikkje vanskeleg å kjenna att pietistisk tankegods i songtekstane, som handlar om fromskap og dødslengt. Til dømes i sopranarien «Ich wünschte mir den Tod, wenn du, mein Jesu mich nicht liebtest» («Eg ville ynskt med dauden om du, min Jesus, ikkje hadde elska meg») frå kantaten *Selig ist der Mann* (*Salig er mannen*), BWV 57. Denne satsen toneset Bach med langsame musikalske sukk og akkordrørslar i uhyggjelege halvtoneskritt. Men friskare saker finst òg – eg tenker her på bassarien «Ja, ja, ich kann die Feinde schlagen» («Ja, ja, eg kan sigra over fiendane») frå same kantate, som er beint fram martialsk. Ein solokonsert for Oboe d'amore er òg med, som Bernardini spelar med sin vanlege litt kvasse, gjennomtrengjande nasalklang. Denne CD-produksjonen ber ikkje preg av vera

særleg påkosta, for somme stader går det litt raskt i svingane med ein og annan skeiv feleton. Men graverande er det ikkje.

SJUR HAGA BRINGELAND



Den tsjekkiske sopranen Hana Blažiková syng dialogkantatar av Johann Sebastian Bach (1685–1750). Foto: Zámecký Dvůr